

Skuletur / ekskursjon til Lygra.

I vår har me, som de veit, jobba med tema frå 50 og 60 talet - «Radøy kommune 50 år».

Avslutninga på dette temaet vert fredag 6.juni. Me reiser til Lygra, den gamle kyrkjevegen til elevane frå Sletta krins. På Lygra skal me få omvisning i kyrkja og me skal ein tur innom Lyngheisenteret.

Kristen Kvalheim frå Skjærgårdsfisk A/S skal skyssa oss trygt over med M/S Onglesund (ein oppdretts-katamaran). Me får ikkje alle med i ein omgang så den må gå to gonger.

Målet er at me alle skal vera tilbake kl. 13.30, men det kan henda at me vert litt seinare. Dei elevane som reiser med skulebussen, vert prioriterte på den første turen tilbake. Dei elevane som bur i Sletta området vert med på siste turen og får gå rett heim etter ankomst Slettakaien.

Elevane som skal på SFO, vert med tilbake til skulen.


Ta med god matpakke og drikke (saft/brus). Det er også lov å ta med pengar til å kjøpa is.

ALLE MÅ HA REDNINGSVEST MED SEG OG PÅ SEG. Dette er heilt nødvendig for å få vera med!

NB! Elevane møter på skulen til vanleg tid, fredag morgon.

Ring dersom de lurar på noko.

Helsing personalet ved skulen.



M/S Onglesund



Lyngheisenteret